





KI-notat nr: 56/2011 - Bakgrunn for vedtak

Søker/sak:	SFE Produksjon AS / Grunnevatn kraftverk		
Fylke/kommune:	Sogn og Fjordane / Askvoll kommune		
Ansvarlig:	Øystein Grundt	Sign.:	
Saksbehandler:	Fredrik Glenne Myhre	Sign.:	
Dato:	20 OKT 2011		
Vår ref.:	201002804-29		
Sendes til:	Søker og alle som har uttalt seg til saken		

Middelthuns gate 29
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO
Telefon: 22 95 95 95
Telefaks: 22 95 90 00
E-post: nve@nve.no
Internett: www.nve.no
Org. nr.:
NO 970 205 039 MVA
Bankkonto:
0827 10 14156

Søknad om tillatelse til å bygge Grunnevatn kraftverk i Askvoll kommune, Sogn og Fjordane fylke

Innhold

Sammendrag	1
Søknad	3
Høring og distriktsbehandling	4
Søkers kommentar til høringsuttalelsene	14
Tilleggsopplysninger og kommentarer til disse	17
Norges vassdrags- og energidirektorats (NVEs) merknader	19
NVEs vurdering	25
NVEs konklusjon	30

Sammendrag

SFE Produksjon AS søker om tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Grunnevatn kraftverk i Askvoll kommune i Sogn og Fjordane. De fysiske inngrepene omfatter bygging av inntaksmagasin og kraftstasjon, nedgraving av rørgate og legging av 200 meter jordkabel for tilknytning til 22 kV-nett. Det må anlegges 950 meter vei til inntaket og 500 meter vei til kraftstasjonen.

Kraftstasjonen vil få en maskininstallasjon på 1,2 MW med største slukeevne på 1,63 m³/s. Årlig middelproduksjon er beregnet til ca. 3,8 GWh. Kostnadene er beregnet til 13,3 mill. kr og utbyggingsprisen blir 3,53 kr/kWh.

Det er planlagt å slippe en minstevannføring tilsvarende alminnelig lavvannføring på 50 l/s i sommerhalvåret og 30 l/s i vinterhalvåret.

Søknaden er vurdert sammen med samme tiltakshavers søknad for Leknesvatn kraftverk i samme vassdrag.

Askvoll kommune (AK) tilrår at det gis konsesjon til bygging av Grunnevatn kraftverk. Utbyggingen vurderes å være lite konfliktfylt i forhold til landbruk, natur og friluftsliv.

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (FM) vurderer at Grunnevatn kraftverk ikke påvirker allmenne interesser og at en utbygging som omsøkt er akseptabel.

Sogn og Fjordane fylkeskommune (FK) går inn for at det gis konsesjon i tråd med søknaden for Grunnevatn kraftverk. Fordelene ved utbyggingen anses å være større enn ulempene for allmenne og private interesser.

Statens vegvesen, Region Vest opplyser at avkjørsel må utformes i samsvar med gjeldende veinormaler i håndbok 017 om vei- og gateutforming. Utarbeidet løsning for avkjørsel skal godkjennes før den kan tas i bruk.

SFE Nett AS opplyser at det er ikke er kapasitet i eksisterende nett før sentralnettet blir opprustet og overføringskapasiteten økt.

Sogn og Fjordane Turlag (S&FT) uttaler at de er villige til å akseptere utbygging av Grunnevatn kraftverk, da nye inngrep hovedsakelig kommer i nærheten av eksisterende inngrep ved Markavatnet. De har likevel merknader knyttet til søknadens omtale av friluftsliv som de mener er viktigere enn omtalt. I tillegg fremmer turlaget noen synspunkter på hvordan tiltaket kan gjennomføres.

Gunnar Osland uttaler at utbygging av Grunnevatn kraftverk vil ha liten eller ingen negative konsekvenser for han som grunneier.

I vurderingen har NVE hovedsakelig lagt vekt på at tiltaket vil gi ny fornybar energi på ca. 3,76 GWh/år. I tillegg vil det skape positive lokale ringvirkninger. Selv om tiltaket isolert sett ikke er et vesentlig bidrag i fornybar energiproduksjon, utgjør småkraftverk samlet sett en stor andel ny tilgang de senere år. NVE klarerte ca. 0,9 TWh ny energi fra småkraftverk i 2010. Alle former for inngrep i naturen vil ha negative konsekvenser på en eller annen måte, men så lenge disse ikke berører interesser av betydelig verdi eller kan avbøtes i tilstrekkelig grad gjennom å sette vilkår, mener NVE at det kan gis konsesjon.

For omsøkte tiltak mener NVE at ulemper for friluftsliv og landskapsverdier kan avbøtes i tilfredsstillende grad ved at det slippes tilstrekkelig minstevannføring hele året. Det skal også legges vekt på *terrengtilpasning ved etablering av veier og andre inngrep*. Under forutsetning av at de avbøtende tiltakene blir gjennomført i henhold til gitt konsesjon, finner NVE at konsekvenser reduseres i en slik grad at virkningen for allmenne og private interesser er akseptable.

NVE mener at fordelene av det omsøkte tiltaket er større enn skader og ulemper for allmenne interesser slik at kravet i vannressursloven § 25 er oppfylt. NVE gir med dette SFE Produksjon AS tillatelse etter vannressursloven § 8 til bygging av Grunnevatn kraftverk. Tillatelse gis på nærmere fastsatte vilkår.

Søknad

NVE har mottatt følgende søknad fra SFE Produksjon AS, datert 10.01.2011:

"SFE Produksjon AS ynskjer å nytte vassfallet frå Grunnevatn til Markavatn til kraftproduksjon og søker med dette fylgjande løyve:

1. Etter vassressurslova, jf. § 8, om løyve til:

- Å bygge Grunnevatn kraftstasjon

2. Etter energilova om løyve til:

- Bygging og drift av Grunnevatn kraftverk, med tilhøyrande koplingsanlegg og kraftlinjer.

Naudsynte opplysningar om tiltaket går fram av vedlagte utreiing."

Grunnevatn kraftverk, hoveddata		
TILSIG	Hovedalternativ	
Nedbørfelt	km ²	7,4
Årlig tilsig til inntaket	mill.m ³	25,7
Spesifikk avrenning	l/s/km ²	110
Middelvannføring	m ³ /s	0,81
Alminnelig lavvannføring	l/s	47
5-persentil sommer (1/5-30/9)	m ³ /s	0,062
5-persentil vinter (1/10-30/4)	m ³ /s	0,060
Restfelt	km ²	0,35
KRAFTVERK		
Inntak	moh.	252
Avløp	moh.	165
Lengde på berørt elvestrekning	m/km	600
Brutto fallhøyde	m	87
Midlere energiekvivalent	kWh/m ³	0,206
Slukeevne, maks	m ³ /s	1,63
Slukeevne, min	m ³ /s	0,16
Tilløpsrør, diameter	mm	900
Tilløpsrør/tunnel, lengde	m	500
Installert effekt, maks	MW	1,2
Brukstid	timer	3230
Planlagt minstevannføring (året)	l/s	47
PRODUKSJON		
Produksjon, vinter (1/10 - 30/4)	GWh	2,01
Produksjon, sommer (1/5 - 30/9)	GWh	1,75
Produksjon, årlig middel	GWh	3,76

ØKONOMI

Utbyggingskostnad	mill.kr	13,3
Utbyggingspris	kr/kWh	3,53

Grunnevatn kraftverk, elektriske anlegg

GENERATOR

Ytelse	MVA	1,5
Spennning	kV	0,6

TRANSFORMATOR

Ytelse	MVA	1,5
Omsetning	kV/kV	0,6/22

NETTILKNYTNING (kraftlinjer/kabler)

Lengde	km	250
Nominell spenning	kV	22
Luftlinje el. jordkabel		Jordkabel

Høring og distriktsbehandling

Søknaden har vært kunngjort i pressen og lagt ut til offentlig ettersyn i Askvoll kommune. Videre er søknaden sendt på høring til kommunen, fylket, berørte statlige forvaltningsorganer og private interesseorganisasjoner. NVE har mottatt følgende høringsuttalelser til søknaden:

Askvoll kommune har i kommunestyremøte den 20.06.2011 vedtatt følgende:

"Askvoll kommune ser positivt på at Grunnevatn og Leknesvatn kraftverk vert bygd ut."

Fra vurderingen refererer vi følgende:

"I arealdelen av kommuneplanen er det aktuelle området avsett til landbruks-, natur- og friluftsføremål (LNF). Tiltaka er såleis ikkje i samsvar med plan. I fylkesdelplan for friluftsliv er området avsett som område av regional verdi for friluftsliv. I FRIDA-registeret er dei høgareliggende områda registrert med regional bruksverdi som friluftsområde. Områda i sør er registrert med lokal bruksverdi. Området har svært stor verdi som lokalt og delvis regionalt friluftsområde både sommar og vinter.

I konsesjonsøknadene går det fram at det er størst biologiske verdier i fossen frå Stordalsvatnet og omkring Grunnevatnet (ma. hekkande lom). Det er registrert to nasjonalt raudlista artar, ma. storlom (VU – sårbar art). Administrasjonen kjenner ikkje til registreringar av lokalitetar for biologisk mangfald i det berørte området, bortsett frå den lokaliteten med truga vegetasjonstype - elvemose - som er registrert i elva frå Stordalsvatnet i konsesjonssøknadene. (Status EN på Vestlandet – sterkt truga) Denne lokaliteten har stor verdi.

Administrasjonen kjenner ikkje til særskilte kulturminne i området som vert berørt.

To kraftlinjer (22kV og 66kV) passerar gjennom området, elles framstår området som tilnærma villmark.

INON-registreringa (inngrepsfrie naturområde) viser på kart kor langt ulike areal ligg frå næraste tyngre inngrep, som vegar, kraftlinjer, regulerte vatn/demningar mm.. Grunnevatn kraftverk vil ikkje føre til reduksjon i INON-område."

[...]

"I konsesjonssøknadene frå tiltakshavar går det fram i kapittel om fordelar og ulemper ved tiltaket at tiltaket er lønsamt og skapar verdiar både for utbyggjar og lokalsamfunnet. Etter nokre år vil kraftverka bidra med skatteinntekter på høvesvis om lag 0.5, 0.15 og 0.2 mill. kr. pr. år. Etter førespurnad frå sakshandsamar har SFE spesifisert dette nærare (dok. 6). Kommunen får ikkje konsesjonskraft eller konsesjonsavgift frå kraftverka. (Mange kraftverk som har fått løyve etter vassdragsreguleringslova eller industrikonsesjonslova tidlegare har hatt krav om dette. Store kraftverk (over 40 GWh) kan få krav om konsesjonsavgift gjennom løyve etter vannressurslova.) Dersom kommunen innfører eigedomsskatt for verk og bruk, vil kommunen få skatteinntekter frå kraftverka. Ved skattesats på 7 promille utgjør dette høvesvis 315.000, 93.000 og 222.000 kroner årleg. Det må òg skattast 28% av overskotet som ordinært for aksjeselskap. Dette går direkte til staten.

Tiltakshavar hevdar at området etter utbygginga vil verte meir tilgjengeleg for friluftsliv, særleg for eldre folk, barn og folk med funksjonshemming. Vegane vert til dels svært bratte, og skal ha enkel standard frå kraftstasjonane og vidare. For at vegane skal vere tilgjengelege for td. barnevogn og rullestol, må det vere god standard på vegdekket, og det kan ikkje vere for sterk stigning. Administrasjonen tvilar på om vegane vert reelt tilgjengelege for slike brukargrupper."

[...]

"Barn som går på tur vil nok ofte heller gå tur i marka enn på vegar. Når vegane vert så lange som her, vil ein mykje mindre del av turen gå i marka, ein stor del av turen gå på veg og det kan verte eit mindre attraktivt turområde. Det er etter kvart ein del skogs- og anleggsvegar i kommunen som kan nyttast til turgåing, både i Skorvemarka og i andre delar av kommunen. Vegar langt til fjells verkar ofte negativt inn på friluftslivet.

Tiltakshavar peikar på at bygging av ny veg til Grunnevatn kraftstasjon vil lette tilkomsten over dammen på Markavatnet som pr. i dag ikkje kan nyttast i periodar med stort overløp. Administrasjonen kjenner ikkje til at overløp nokon gong har vore noko problem i høve til friluftslivet.

I dag er det ikkje tilrettelagt for parkering av bilar ved fylkesvegen for dei som brukar området i friluftssamanhang. Avhengig av utforming av den nye vegen frå fylkesvegen til kraftstasjonane, kan det verte vanskelegare å finne parkeringsplass ved fylkesvegen. Det hadde vore positivt om tiltakshavar kunne bidra med å etablere eit område for parkering langs vegen inn til kraftstasjonane ved Markavatnet, som kompensasjon for dei ulempene tiltaket har for friluftsliv.

Området er prega av ein lys og open furuskog og blandingsskog. Det er få område elles i kommunen som har slik skog. Andre stader er det helst prega av krattskog eller planta skog

som er lite framkommeleg. Det er òg lett tilgjengeleg ved at ein slepp å gå over innmark. Området er difor svært attraktivt som turterreng, og vert svært mykje nytta.

Indre Sunnfjord Turlag si hytte Nipebu ved Longevatnet har ein av dei to viktigaste tilkomstvegane på stien langs Markavatnet, der det no er søkt om bygging av veg. Stien er skilta. Hytta er mykje brukt. Askvoll og Holmedal idrettslag arrangerer kvart år fjelltrim, med postar på ulike fjelltoppar som vekslar på. Dei fleste toppane gir 10 poeng, medan ein post gir 30 poeng. Eitrenipa med tilkomst frå Markavatn via Leknesvatna er ein slik 30-poengar, tilliks med Portaffjellet og Fossedalshengenipa, som har same tilkomst frå fylkesvegen ved Markavatnet. Fleire andre lokale lag og organisasjonar arrangerer fjellturar og trimpostar i fjellområda her..

Vegtilkomst vil gjere det lettare for grunneigarane å ta ut skog i området. Administrasjonen ser det ikkje som realistisk eller ønskjeleg at store område med skog vert teke ut og evt. tilplanta.

Vegen innover langs Grunnevatnet vert liggande på ein åsrygg der terrenget er høvesvis flatt. Det vil då bli høvesvis lite inngrep. Frå høgareliggande område vil den verte godt synleg. Det er likevel innover langs Grunnevatnet at dei største biologisk mangfald-verdiane ligg.”

[...]

”Slik administrasjonen ser det, er det i hovudsak friluftsverdien i området som vert råka av dei omsøkte tiltaka. Det er ikkje spesielt store biologiske verdier i området, med unntak av elvemose og lom. Det vert høvesvis små inngrep ved vatna. Redusert vassføring vil ha ein viss negativ effekt. Derimot vil dei omsøkte vegane i området totalt sett ha stor negativ verknad.

Tiltakshavar har planar om å byggje veg frå fylkesvegen inn til Markavatnet uavhengig av søknaden om dei tre kraftverka, pga. nødvendig rehabilitering av dammen i Markavatn. Dette er ikkje søkt om utanom gjennom dei tre føreliggande konsesjonssøknadene. Vegen vil gå nokolunde parallelt med eksisterande kraftiliner og tursti. Vegen kan etter administrasjonen si vurdering plasserast greitt i terrenget. Negative konsekvensar vil først og framst vere at verdien for friluftsliv vert forringa ved at det vert lengre å gå langs veg før ein kjem ut i naturen. Markavatnet er eit viktig turutgangspunkt.

Plasseringa av kraftstasjonar ved Markavatnet vil etter administrasjonen si vurdering falle godt inn i terrenget, og vere lite til sjenanse for friluftsliv, sidan området allereie er skjemma av vasstandsendringane frå reguleringa av Markavatnet.

Frå kraftstasjonane ved Markavatnet skal vegen gå opp ein svært bratt fjellskrent. Fjellet er i stor grad blankskurt, det er mykje potensielt lause blokkar i fjellet, og det er ein del lausmassar. Vegen vil truleg utgjere eit stort inngrep her. Samtidig er turstien opp skaret her svært bratt og krev litt småklatring å forsere. Vegen vil gjere områda ovanfor lettare tilgjengeleg. På toppen av skaret er det sperra av med gjerde og grind for å hindre dyr på beite å komme ned frå fjellet. Dersom det vert bygd veg her, må tiltakshavar syte for at vegen vert stengt for dyr på tilsvarende måte som i dag.

Tilkomst til inntaket med maskiner kan i prinsippet ivareta ved at vegen vert tildekket og ordna som ein køyresterk del av terrenget. I store delar av vegtraseane vert det så store inngrep likevel, at det har liten betyding om vegane vert liggande eller ikkje. Når røyrgata vert gravd/sprengt ned i grøft, vil det i seg sjølv endre naturen svært mykje i dei store delane av området der det er skrint jordlag oppå fjellgrunn., uavhengig av vegbane.

Området vert framleis rekna som utmark etter utbygginga, og lov om motorferdsel i utmark og vassdrag regulerer kva køyring som er tillatt. I utgangspunktet er all køyring forbode, men nokre typar køyring er spesifisert at er tillatt utan at det er nødvendig å søkje om løyve til det, ma. køyring i samband med redningsteneste og nødvendig køyring i landbrukssamanhang. Dispensasjon frå arealdelen av kommuneplanen i medhald av plan- og bygningslova vil gje løyve til køyring i samband med drift av kraftverket i tillegg. Administrasjonen meiner vegane må sperrast med låst bom ved kraftstasjonane.

Svært store delar av kommunen sitt fastland er prega av ulike utbyggingar i vassdraga. Holmedalsfjella og Stongfjordfjella er begge mykje utbygd med større og mindre tiltak, Rivedalselva er utbygd. I Skorvemarka er svært mykje utbygd, både av SFE og i to private kraftverk. Administrasjonen kjenner til at NVE har motteke søknader om utbygging av kraftverk i Bakkeelva (Holmedal) og Hundsåna (Hestvik). Administrasjonen kjenner òg til at SFE har hatt ønske om utbygging i Trollevatnet i Skorvenvassdraget, nord for Leknesvatna, og at grunneigarar har planar om å byggje ut det same ressursane (dok. 7) (Trollelva, Fesselva, Botnaelva). Av dei høgareliggande fjellområda er det berre platåa med Leknesvatna og Stordalsvatnet/Longevatnet med Nipebu som er urørt igjen i kommunen. Desse områda er mykje nytta til friluftsliv. Administrasjonen meiner difor det vil vere svært uheldig å byggje ut Leknesvatn kraftverk og Stordalsvatn kraftverk.

I nyleg vedteken kommunedelplan for klima og energi er kraftutbygging eit tiltak. Vasskraft er rekna som meir miljøvennleg og bør erstatte energibruk basert på fossilt brensel. I kommunen vert det produsert svært mykje energi, i høve til forbruket i kommunen. Denne energien vert eksportert ut av kommunen. Kommunen har såleis gjort ein stor miljøinnsats på dette området. Vidare kraftutbygging bør føregå i område som allereie er påverka av kraftutbygging eller i lågareliggande område som ikkje er så mykje brukt til friluftsliv. Dei høgareliggande områda i konsesjonssøknadene er så verdifulle for lokalbefolkninga at vassressursane her ikkje bør byggast ut."

Fylkesmannen i Sogn og Fjordane har i brev av 28.06.2011 uttalt følgende:

"Fylkesmannen vurderer at Leknesvatn og Grunnevatn kraftverk er akseptabel for allmenne interesser dersom det vert sett vilkår for konsesjonane."

Fra FMs saksutredning refererer vi følgende vurdering av søknaden:

"Grunnevatn kraftverk er det minste av dei omsøkte kraftverka og tiltaksområdet ligg nærast eksisterande infrastruktur og tekniske inngrep. Kraftverket planlegg å nytte fallet mellom Grunnevatn og Øvre Markavatn. Tilkomsveg til kraftstasjonen er planlagt via eksisterande dam i Øvre Markavatn. Heile tiltaksområdet ligg under skoggrensa.

Landskap og friluftsliv

Elva frå Grunnevatnet er lite synleg frå vegen til Skjerlia og den merka stien til Nipebu (Siristien). Det er heller ikkje andre stiar langs den påverka elvestrekninga. Tilkomsveg til

inntaket og røyrгатetrasé er planlagt delvis langs Siristien. Terrenget er prega av den folda berggrunnen og er kuppert. Veg og røyrgate må derfor slynge seg fram og einskilde stadar vil det vere behov for å sprengje mykje. Røyrgate er planlagt over ei myr. Her må lausmassar gravast opp og det hydrologiske regime vil bli endra. Omfanget og konsekvensane av dette er usikkert og røyrgate bør leggjast slik at ho påverkar minst mogeleg av denne myra. Området ligg nær det regulerte Øvre Markavatnet og har tett vegetasjon. Med god planlegging vil landskapspåverknaden verte redusert. Prosjektet påverkar ikkje INON-område. Dersom prosjektet legg til rette for utøving av friluftsliv gjennom god tilkomst og parkering, vil prosjektet i liten grad påverke friluftslivinteressene.

Naturmiljø og biologisk mangfald

Det er tidlegare observert hekkande lom (truleg smålom) ved Grunnevatnet, men elles er det ikkje påvist særlege naturverdiar langs Grunnevatn. Tilkomstvegen vil gå nær den lokalt viktige naturtypelokaliteten Myrane, men ikkje påverke den direkte. Rapporten om biologisk mangfald vurderer verdien for det biologiske mangfaldet som liten til middels. Omfanget av tiltaket vert vurdert som lite og konsekvensen av tiltaket som å ha liten negativ konsekvens for det biologiske mangfaldet.

Fisk og fiske

I Grunnevatnet er det ein tett bestand av relativt liten fisk. Auka fiske vil kunne gje større fisk. Vatnet er lett tilgjengeleg og kan vere eigna for familiefisking. Tilrettelegging for fiske vil kunne ha positiv effekt på fiskebestanden.

Minstevassføring:

Tiltakshavar har søkt om minstevassføring lik 50 l/s om sommaren og 30 l/s om vinteren. Alminneleg lågvassføring er utrekna til 47 l/s og 5-persentil sommarvassføring/vintervassføring til 60/62 l/s. For å sikre eit minimum av biologisk produksjon i elva, bør ikkje minstevassføring vere under alminneleg lågvassføring.

[...]

"Fylkesmannen vurderer at Grunnevatnet kraftverk ikkje påverkar nasjonale interesser og at ei utbygging som omsøkt er akseptabel"

Sogn og Fjordane fylkeskommune har i brev av 02.09.2011 uttalt følgende:

"Sogn og Fjordane fylkeskommune vurderer fordelene ved Grunnevatn kraftverk til å vere større enn ulempene for allmenne og private interesser, og rår til at konsesjon vert gitt."

Fra fylkesrådmannens utredning og vurdering refererer vi følgende:

"Kulturminne og kulturmiljø

Det føreligg ikkje oversikt om automatisk freda kulturminne blir direkte eller indirekte råka av tiltak i samband med utbyggingsplanen. Tiltakshavar si undersøkingsplikt, jf. Lov om kulturminne § 9 må gjennomførast.

Det vert her lagt spesielt vekt på framføring av veg, legging av røyrgate og dei konfliktane dette fører til i forhold til kulturlandskape generelt og Siristien spesielt. Avbøtande tiltak kan vere ny vegtrase som ikkje kjem i konflikt med Siristien.

Friluftsliv

Som for Leknesvatn ligg tiltaksområdet for Grunnevatn kraftverk i eit regionalt viktig friluftsområde, men her er det fleire synlege inngrep frå før. Det har difor ikkje same høge prioritet i følge vasskraftplanen.

Samla vurdering:

Fylkesrådmannen har utover dette, ikkje merknader til søknaden."

Statens vegvesen, Region vest, har sendt uttalelse datert 23.05.2011:

"Kraftverka skal etter planen ha tilkomst frå Fv. 367. Vi viser til at avkøyrsløse skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar i handbok 017 om veg- og gateutforming (jf. <http://www.vegvesen.no/Fag/Publikasjoner/Handboker>). Framlegg om løysing for avkøyrsløse skal godkjennast av Statens vegvesen før den kan takast i bruk."

SFE Nett AS har sendt uttalelse datert 30.05.2011:

"Den 01.04.09 vart det sendt eit brev til NVE frå Statnett i samarbeid med SFE Nett og Istad Nett om situasjonen i sentralnettet i mellom Ørskog og Aurland. I brevet er det gjort greie for den anstrengte situasjonen i sentralnettet i Sogn og Fjordane. Som det framgår er konklusjonen at det ikkje kan tillatast at det blir tilkopla meir ny produksjon i nettet mellom Aurland og Ørskog enn dei kraftverka som hadde fått konsesjon før brevet var sendt og motteke av NVE. Statnett har, i samråd med SFE Nett, bestemt at alle kraftverk som måtte få konsesjon frå NVE etter den nemde datoen, vil få beskjed om at tilkopling til nettet ikkje kan tillatast før sentralnettet er opprusta og overføringskapasiteten er auka. I praksis betyr dette at den nye 420 kV linja frå Sogndal og Ørskog med nødvendig transformering til 132 kV må vere etablert. Dette vil då også gjelde for nettilkopling av dei 3 omsøkte kraftverka.

Som kjent har NVE gjeve konsesjon for den nemnde 420 kV linja med transformatorstasjonar mellom anna i Moskog og Ålfoten-området. Konsesjonsvedtaket er anka inn til OED. Det føreligg no delvedtak for parsellar av linja. I beste fall kan ein rekne med at nødvendige tiltak i sentralnettet er gjennomført i løpet av 2015. Der er knytt betydeleg usikkerheit til eit slikt tidspunkt.

I lokalnettet vil dei 3 kraftverka bli tilknytt SFE Nett sin transformatorstasjon ved Øyravatnet, som no er under bygging, og der det i første omgang er planlagt transformering 66/22kV. Den nye transformatorstasjonen er planlagt å setje i drift i løpet av inneverande år. Seinare er det planlagt overgang til 132/22 kV transformering. Ut frå det vi kjenner til i dag vil det vere kapasitet på 22kV netter frå Øyravatnet og fram til eksisterande Øvre Markevatn kraftverk. Frå Øvre Markevatn og fram til dei 3 omsøkte kraftverka må nettet mest sannsynleg forsterkast eller det må byggast nytt 22 kV nett. Vi legg til grunn at utbyggjar betalar anleggstilskot etter gjeldande forskrifter og retningslinjer. Vi legg vidare til grunn at dette vil bli eit nettanlegg så lenge Sunnfjord Energi si 22 kV linje mot Fossedalen er i drift. Sunnfjord Energi har fått leveringsfritak i Fossedalen og løyve til å rive 22 kV linja hit etter det vi kjenner til. Dersom/når Sunnfjord Energi si linje vert riven, vil linja nærast kraftverka få funksjon som ein produksjonsradial. Anlegg for nettilkopling frå planlagt kraftverk og fram til eksisterande linje vil vere kraftverket sin eigedom og ansvar."

Sogn og Fjordane Turlag har sendt uttalelse datert 20.06.2011:

"Sett frå utelukkande frå vår synsstad, bør det ikkje vere fleire utbyggingar i det heile, i dette området. Dei er meir enn nok skjemmande dei utbyggingane som alt er gjennomførde. Spesielt gjeld det den store nedtappinga av Markavatnet om sommaren. På den andre sida veit vi at våre interesser ikkje er dei einaste som må takast omsyn til, så vi er villige til å akseptere ein del utbygging. Men i eit område som er så viktig for friluftsliv og landskap som dette, må det stillast ekstra strenge miljøkrav, og det må leggest stor vekt på å følgje OED sine "Retningslinjer for små vannkraftverk"!"

Grunnevatn kraftverk: *Kraftverket er i betydeleg konflikt med friluftinteressene, mellom anna vert ein del av turstien i retning Nipebu fullstendig nedbygd. På den andre sida kjem den største delen av inngrepa i nærleiken av Markavatnet, der det er store inngrep frå før. Ut frå det, er dette ei utbygging som vi, med nokre mindre merknader som vi kjem attende til, er villig til å akseptere. Inngrepa inne i heilt urørde område vert ikkje spesielt store.*

Vegen fram til kraftstasjonen skal vere open for ålmenn ferdsel, og viss den blir bygd, er det positivt. Som avbøtande tiltak for friluftsliv og grunneigarar, ber vi NVE stille krav om at det blir etablert parkeringsplass på ein høveleg stad i nærleiken av kraftstasjonen.

Ettersom hovudruta til Nipebu går tvers gjennom ein stor del av utbyggingsområdet, ser vi at dette kan føre til store problem for friluftslivet i truleg store delar av anleggsperioden. Dette vil heilt klart vere ei utfordring både for utbyggerane og for friluftsfolk. For å få til løysingar som er mest mogeleg akseptable for alle partar, ber vi utbyggerane om å ha god kommunikasjon med Indre Sunnfjord Turlag, og om å legge "dei verste" delane av anleggsarbeidet til tider på året då det normalt er lite trafikk av turfolk. (Og så vil vel grunneigarane ha synspunkt på konfliktar med hjortejakta?)"

[...]

"... Vegbygginga fram til den samlokaliserte Grunnevatn og Leknesvatn kraftstasjon finn vi akseptabel, sjølv om den eksisterande turstien på strekninga for ein stor del blir nedbygd. Under synfaringa vår såg vi ikkje detaljert på trasevalet, men vi har i alle fall ikkje vesentlege merknader. Parkeringsplassen for turfolk og grunneigarar er i dag om lag der den nye vegen tek av frå den eksisterande vegen som går til Skjerlia. Med ein ny bilveg som er open for ålmenn ferdsel fram til den planlagde kraftstasjonen, vil det vere naturleg at parkeringsplassen vert flytta til ein høveleg stad i nærleiken av den nye kraftstasjonen. (Litt lenger aust?) Vi ber NVE pålegge utbyggaren å lage ein slik parkeringsplass som avbøtande tiltak for friluftsliv og grunneigarar. Vi ber også NVE om å pålegge utbyggaren å gjennomføre eit tilfredsstillande vedlikehald av denne vegen.

Veg vidare frå Grunnevatn/Leknesvatn kraftstasjon: Viss det ikkje blir veg verken til Nedre Leknesvatn eller til Stordalsvatn kraftstasjon, blir det berre anleggsvegar som er aktuelle vidare sørover frå kraftstasjonen. Desse vegane vil vi sterkt tilrå blir omdanna til køyresterkt terreng når anleggsarbeidet er ferdig. Grunneigarane er, etter det vi veit, interesserte i traktorvegar, og køyresterkt terreng er eit godt kompromiss mellom fullt ut tilfredsstillande traktorvegar for skogsdrift og liknande, og ein miljøvenleg veg som viser forholdsvis lite att i terrenget.

Ved vestenden av Grunnevatnet er det, etter det vi veit, tømmer som grunneigaren ønskjer å ta ut. Viss køyresterkt terreng vert ført fram til austenden av Grunnevatnet, vil tømmertransport kunne skje på isen på Grunnevatnet i år med gode istilhøve, og då utan at det blir trong for veg langs vatnet.

Detaljerte synspunkt på vegtraseen sør for Grunnevatn/Leknesvatn kraftstasjon: Kartet i Vedlegg 2 til konsesjonssøknaden for Grunnevatn kraftverk viser at denne vegen etter planen skal gå i ei sløyfe vestover frå kraftstasjonen før den dreiar i sørleg retning igjen. Synfaringa vår 11.06.2011 viste at dette er ei svært dårleg løysing. Vest for kraftstasjonen er det bratte fjellknauser. Det å bygge veg her vil bli dyrt fordi det vil krevje mykje sprengingsarbeid, og dei omfattande inngrepa vil bli synlege på lang ganske lang avstand. Ei mykje betre, billigare og mindre synleg (på avstand) løysing vil vere at vegen tek av i sørvestleg retning eit kort stykke aust for kraftstasjonen og at den går gjennom det vesle skaret rett sør for kraftstasjonen der det er planlagt at røygata skal kome ned. Det er ei naturleg hylle i fjellet som ein stor del av vegen kan gå på. Det blir ein del inngrep ved å legge vegen der og, men inngrepa blir mykje mindre omfattande og mindre synlege enn ved å legge vegen der det er planlagt. Under sluttsynfaringa vil vi vise kvar vi tenkjer oss at vegen bør gå, og/eller vi kan ta ei lita eiga synfaring med utbyggerane, om det skulle vere ønskjeleg.

Viss vegen vert lagd der vi gjer framlegg om, vil det truleg verte betre/mest praktisk å kople straumkabelen frå kraftstasjonen til 22 kV-linja på ein annan stad enn der som er planlagt. Vår sterke tilråding er då å legge kraftlinja i kabel langs tilkomstvegen til kraftstasjonen, og å tilknyte den til den eksisterande 22 kV-linja via den stolpen som står på nordsida av austenden av Markavatnet, nesten rett nord (svakt vest) for kraftstasjonen, der kartet i Vedlegg 2 viser at det er ein knekk på linja. (Eventuelt på stolpen nordafor, om utbyggaren finn at det er betre.) Ei slik tilkopling som vi gjer framlegg om, vil gje litt lenger kabel, men skilnaden er marginal. Viss 22 kV-linja sørover fjellet i retning Dale, skal rivast ein gong i framtida, vil det vere ein stor fordel om tilkoplinga av kraftverka skjer på nordsida av austenden av Markavatnet. Viss vegen vidare sørover til inntaket for Grunnevatn kraftverk blir ein rein anleggsveg og ikkje ein bilveg, ber vi om at trasevalet vert vurdert. Kanskje treng ein ikkje så mange/store slyng på vegen?"

[...]

"Utbyggingsplanane, inntaket: Plasseringa av inntaket ser for oss fornuftig ut, men vi er ueinige i damhøgda. Det står at overløpsterskelen skal ligge på nivå med normalvasstanden i Grunnevatnet, vi meiner den bør ligge 30-40 cm lågare. Grunngjeving: Viss overløpsterskelen ligg på nivå med normalvasstanden i Grunnevatnet, vil det truleg føre til høgre flaumvasstandar. Det kan gje hekkande (små)lom problem. Overløpsterskelen bør derfor ligge så lågt at ein ikkje risikerer slike problem.

Vi ber NVE vurdere det nøyaktige nivået for å hindre risiko for auka flaumvasstandar.

Utbyggingsplanane, kraftstasjonen: Ettersom det vil gå ei mykje brukt turrute rett forbi, ber vi om at det vert lagt ekstra stor vekt på støydemping.

Utbyggingsplanane, vegbygging: Vi viser til det vi har skrive om dette og om parkeringsplass, tidlegare i fråsegna. Vedlikehaldet av vegen fram til parkeringsplassen i nærleiken av

kraftstasjonen, må også tilpassast ålmenta og grunneigarane sine behov, ikkje berre utbyggaren sine.

Utbyggingsplanane, nett-tilknytning: *Vi viser til det vi har skrive tidlegare om at jordkabelen frå kraftstasjonen bør tilknyttast 22 kV-linja via ein av stolpane nord for austenden av Markavatnet.*

Forholdet til offentlege planar: *Øvste på side 16 i konsesjonssøknaden står det mellom anna følgjande: "I Fylkeskommunen sin delplan for arealbruk er ikkje området disponert for spesielle føremål, men ein fylkesdelplan for vasskraftverk er for tida under arbeid." Som vi har dokumentert på side 1 i fråsegna, ligg heile utbyggingsområdet inne i eit Regionalt viktig friluftsområde i Fylkeskommunen sin delplan for arealbruk. **Vi synest det er trist å konstatere at utbyggaren – Sogn og Fjordane Energi (SFE) – på denne måten prøver å feilinformere NVE om dei friluftslivsinteressene som er dokumenterte i Fylkesdelplanen.** Etter å ha sett på fleire andre saker der SFE er inne i biletet, til dømes 4 saker i Sørgulen i Bremanger som no er under handsaming i NVE, ser det dessverre ut som SFE heilt konsekvent feilinformerer NVE på dette feltet. **Vi ber NVE pålegge SFE å slutte med slik feilinformasjon, ingen er tent med slikt, heller ikkje SFE!** Særleg "merkeleg" blir jo feilinformasjonen når den gjeld ein Fylkeskommunal plan, og Fylkeskommunen samstundes er SFE sin største eigar! (Og "noko nytt" er det ikkje at SFE ikkje nemner fylkeskommunale planar!)*

Biologisk mangfald: *Det som står om biologisk mangfald i konsesjonssøknaden, er delvis avhengig av at flaumvasstandane i Grunnevatnet ikkje aukar. Det føreset at toppen på inntaksdammen må bli ein del lågare enn normalvasstanden i Grunnevatnet.*

Avbøtande tiltak, minstevassføring: *Minstevassføring i elva frå Grunnevatnet er viktig både for å sikre mattilgangen til fisken i Markavatnet, for å sikre mattilgangen til enkelte fugleartar inkl. fossefall, og av landskapsomsyn. Elva er godt synleg frå motsett side av vatnet. Vårt syn er at minstevassføringa om vinteren bør vere lik alminneleg lågvassføring, 47 l/s, og om sommaren lik 5-persentil sommar, 62 l/s. Dette er litt meir enn det utbyggjarane har kome med framlegg om.*

Avbøtande tiltak for grunneigarar og til ei viss grad for friluftsliv: *Viss grunneigarane ønskjer det, ber vi NVE, som eit avbøtande tiltak, sette fram krav om bygging av bru over elva frå Grunnevatnet, for å lette tilgangen til området på vestsida av elva. (Tiltaket er berre aktuelt viss Stordalsvatn kraftverk ikkje vert bygd.) Dimensjoneringa av brua må det, om det er aktuelt, vere grunneigarane som avgjer. Skal den kunne brukast av beitedyr? Skal den kunne køyrast med traktor?*

[...]

"Krav til eksisterande utbyggingar:

Vi har alt nemnt at det i tilknytning til ein eventuell konsesjon om bygging av Leknesvatn kraftverk, bør stillast krav til magasinfyllinga i Bjørnastigvatnet om sommaren. Vi meiner det same bør gjerast når det gjeld Markavatnet."

[...]

"Tilleggsinfo om fugl og anna dyreliv:

Vi har fått melding om 2 observasjonar av oter ved Grunnevatnet og observasjon av oterspor nedanfor Leknesvatna.

Det er observert ei rekkje ulike slags rovfuglar i området, både raudlista og ikkje raudlista. Vi har ikkje fullt oversyn. Vi har mellom anna fått opplyst at hubro er sett og/eller høyrd 2 ulike stadar ikkje så langt unna utbyggingsområdet. Men om hubro finst inne i utbyggingsområdet, er usikkert.

Det er smålom i ei rekkje av vatna i området, inklusive Grunnevatnet og Stordalsvatnet. Leknesvatna er ein velkjend stad for storlom gjennom mange år, men den siste sikre observasjonen vi har informasjon om der, er 3 år gamal. Vi har også fått anna info om raudlista fugleartar, men vi vurderer dei opplysningane vi har fått som for lite konkrete.

Vi håpar Fylkesmannen, som har mykje meir kunnskap om fugl enn det vi har, vurderer om det er trong for tilleggsutgreiingar når det gjeld fugl."

Norges Småkraftverk AS har uttalt seg i brev av 31.05.2011 om fallrettigheter i deler av vassdraget, men det omfatter ikke dette prosjektet.

Gunnar Osland har i brev av 28.05.2011 uttalt følgende:

"Viser til ulike alternativ ut frå kva som vert utbygd, når det gjeld tilkomstveggar. Dersom det vert berre Leknesvatn og Grunnevatn som vert utbygd viser søknadane at det er berre fram til Grunnevatn kraftstasjon det vert fri ferdsel på vegen, dette er positivt. Dersom Stordalsvatn kraftverk vert realisert vert vegen fram til det kraftverket open for fri ferdsel, dette meiner eg ikkje må bli gitt løyve til. Desse må berre kunne brukast av grunneigarane og utbyggjar. Begrunnelsen er at dette er eit mykje brukt turområde og då vil det medføre mykje bil trafikk. Området er og brukt som beite for småfe og er eit hjortejakt område. Konklusjonen er at vegen må vere stengt med bom ved Grunnevatn kraftverk, ellers er det lett for at unødige konflikter oppstår pga ulike interesser i området.

Når det gjeld midlertidige vegar fram til inntak ved Leknesvatn og til sjakt ved inntak til Stordalsvatnet må dei vere av ein slik karakter etter utbygginga er avslutta at grunneigarane kan bruke dei som traktorveggar.

Det står i søknaden at Siristien er stien som går frå riksvegen og mot Krokevasstølen, dette er feil. Siristien heiter det på kanten over der Grunnevatn kraftverk skal byggast. På Siristien er det i dag eit sperregjerde med grind der stien går. Dersom det skulle bli fri ferdsel er eg redd for problem med at grinda vert ståande open. Dette medfører då at dyr kjem ned frå fjellet og kjem på avveie. Resten av området har naturleg stengsel. Fri ferdsel her må bety krav om ferist.

Når det gjeld eigedomsforhold vedrørende Stordalsvatnet kraftverk, har underteikna

eigedomsrett i øvre del av området som vert berørt ved ei utbygging. Som grunneigar ved delar av alle tre utbyggingsprosjekta, meiner eg at utbygginga av Leknesvatet og Grunnevatnet kraftverk vil ha liten eller ingen negative konsekvensar for meg som grunneigar, dersom nevnte punkt om vegar vert tatt omsyn til. Det vil vere positivt ved att det kjem vei, dette gjer det mulig å hente ut skog, Det vil og sannsynlegvis gjere til att det vert jevnere vassføring i denne del av vassdraget, som igjen då vil føre til meir stabil vannstand i Markavatnet.

Dersom desse to får konsesjon, vil Stordalsfossen verte siste synlege fossen igjen i Skorvevassdraget som ikkje er berørt av kraftutbygging. Det vil då vere rett å be om ei rimeleg god minstevassføring heile året.”

Søkers kommentar til høringsuttalelsene

SFE Produksjon AS har kommentert innkomne høringsuttalelser med brev av 01.09.2011 slik:

”Kommentarer til uttalelser fra Askvoll kommune:

6) AK (Askvoll kommune) syner til at dei omsøkte tiltaka ikkje er i samsvar med kommuneplanens arealdel.

Tiltakshavar vil påpeike at ingen av våre reguleringsanlegg i Skorven viser att i dei kommunale arealplanane. Heil frå slutten av 1930-talet har området vore i bruk til vasskraftproduksjon. Området er i dei kommunale planane gjennomgåande definert som LNF-område.

7) AK stiller seg tvilande til at vegane vert reelt tilgjengelege for brukargrupper som eldre folk, born og personar med funksjonshemmingar og vurderer framføring av veg til kraftstasjonane negativt for friluftslivet.

Tiltakshavar vil framleis påstå at bygging av vegar inn i området vil gjere området tilgjengeleg for nye brukargrupper. Gjennom opparbeiding av sikker tilkomst til kraftstasjonane og parkeringsplass der vil vegen til Grunnevatnet vere overcomeleg for fleire av dei nemnde brukargruppene. Det kan til dømes opne for tilrettelagt fiske i vatnet, noko FMSF legg vekt på den positive verdien av i si høyringsfråsegn. Også Turlaget peikar i si høyringsfråsegn på verdien av lettare tilkomst til Grunnevatn og parkering ved kraftstasjonane.”

[...]

8.) AK stiller seg tvilande til at vegane vert reelt tilgjengelege for brukargrupper som eldre folk, bom og personar med funksjonshemmingar og vurderer framføring av veg inn til kraftstasjonane negativt for friluftslivet.

Tiltakshavar vil framleis påstå at bygging av vegar inn i området vil gjere området tilgjengeleg for nye brukargrupper. Gjennom opparbeiding av sikker tilkomst til kraftstasjonane og parkeringsplass der vil vegen til Grunnevatnet vere overcomeleg for fleire av dei nemnde brukargruppene. Det kan til dømes opne for tilrettelagt fiske i vatnet, noko FMSF legg vekt på den positive verdien av i si høyringsfråsegn. Også Turlaget peikar i si høyringsfråsegn på verdien av lettare tilkomst til Grunnevatn og parkering ved kraftstasjonane.

"9) AK peikar på at bygging av veg til Grunnevatn kraftstasjon vil lette tilkomsten over dammen på Markavatnet, og at dei ikkje kjenner til at det er problem knytt til overløp og tilkomst for friluftsfolk.

Tiltakshavar vil poengtere at det eksisterar ein reell fare ved å ferdast over dammen på Markavatnet slik denne no er. Overløp skjer normalt fleire gonger for året, og tiltakshavar er ansvarleg for å vurdere og eventuelt sikre 3. person i forhold til moglege farar.

10) AK ønskjer at det vert lagt til rette for betre parkering langs vegen inn til kraftstasjonane ved Markavatnet, som kompensasjon for dei ulempene tiltaket har for friluftsfolk.

Tiltakshavar syner til svaret i punkt 2 (for punkt sjå høringsuttale frå FMSF), 8 og 9.

11) Tiltakshavar har planar om å etablering av ny veg frå fylkesvegen inn til Markavatnet uavhengig av søknaden om dei tre kraftverka, på grunn av naudsynt rehabilitering av dammen i Markavatn.

Tiltakshavar er pålagt av NVE å utføre forsterkning av dam Markavatnet. Det naturlege vil vere å føre fram veg til dammen som skissert i konsesjonssøknadane. Vert det gjeve konsesjon vil tilkomstveg til kraftstasjonane inngå i denne og detaljplanar skal godkjennast av NVE. Skulle det syne seg naudsynt med forsterking av dammen før ein eventuell konsesjon føreligg, eventuelt at det ikkje vert gjeve konsesjon, vil bygging av veg frå Fv. 367 til dam Markavatn verte fremja som regulerings sak i tråd med krav frå AK."

[...]

"Kommentarar til fråsegn frå Fylkesmannen i Sogn og Fjordane (heretter forkorta FMSF):

For ordens skuld gjer vi merksam på at Grunnevatn kraftverk vil nytte fallet mellom Grunnevatn og Markavatnet, og ikkje Øvre Markavatn, slik FMSF skriv. Øvre Markavatn (som vatn) eksisterar ikkje i kartet.

Landskap og friluftsliv:

1). FMSF peikar på at ved å legge røyrkata over myra slik planane syner, vil det hydrologisk regimet vert endra, og det er ønskjeleg at røyrkata vert lagt slik at ho påverkar myra minst mogleg.

Når det kjem til detaljplanlegging av ved og røyrgate, vil tiltakshavar sjå på alternativ framføring av desse for å unngå framføring som er uheldig for landskap og friluftsiinteresser. Detaljplanar skal godkjennast av NVE.

2). Ved å legge til rette for god tilkomst og parkering, meiner FMSF at prosjektet i liten grad vil påverke friluftsiinteressene .

Tiltakshavar vil legge til rette for parkering ved å etablere ein parkeringsplass ved den samlokaliserte kraftstasjonen Grunnevatn/Leknesvatn.

Minstevassføring:

3). FMSF ber om at minstevassføring i Grunnevassaelva ikkje bør vere under alminneleg lågvassføring heile året.

Rapport om biologisk mangfald indikerar ikkje behov for minstevassføring av biologisk omsyn. Tiltakshavar meiner difor at alminneleg lågvassføring bør leggst til grunn, og at det bør gjerast forskjell på sumar- og vinerperioden som omsøkt."

[...]

"Kommentarar til fråsegner frå Sogn og Fjordane Turlag (heretter forkorta Turlaget):

12.) Turlaget ønskjer at det vert bygd ein parkeringsplass ved Grunnevatn/Leknesvatn kraftstasjon, og at vegen frå kraftstasjonen til inntak Grunnevatn i detalj vert planlagd på ein anna måte.

Tiltakshavar viser til svar gjeve i punkt 1 vedrørande veg til inntak Grunnevatn og punkt 2 når det gjeld parkeringsplass (for punkter sjå høringsuttale frå FMSF)

13.) For Grunnevatn kraftverk ønskjer Turlaget at alminneleg lågvassføring vert lagt til grunn når det gjeld minstevassføringskrav. Dei peikar også på at flaumvasstanden i Grunnevatnet ikkje må aukast samt andre synspunkt i søknaden. Turlaget har også andre synspunkt vedrørande bygginga av Grunnevatn kraftverk.

Tiltakshavar viser, når det gjeld minstevassføring, til svar i punkt 3. Vedrørande flaumvasstanden i Grunnevatn vil ikkje denne auke gjennom bygginga av sperredam på normalvasstanden til Grunnevatnet og ei overløpsbreidd som er tilnærma lik det naturlege. Detaljplanar for utforming av inntaket skal godkjennast av NVE. Tiltakshavar vel å ikkje kommentere dei andre synspunkta, men vil forhalde seg til dei krav som NVE stiller."

[...]

18.) Forholdet til offentlege planar: Turlaget synest det er trist å konstatere at utbyggaren (...) prøver å feilinformere NVE om dei friluftsiinteressene som er dokumentert i Fylkesdelplanen.

Tiltakshavar har nytta NVE sin mal for utarbeiding av konsesjonssøknad for småkraftverk. Her skal eit eige punkt om forholdet til offentlege planar dokumenterast. I ettertid ser tiltakshavar det er uheldig at fylkesdelplanen for friluftsliv ikkje er kommentert i dei tre søknadane. Vi er klar over at ein i Fylkesatlas for Sogn og Fjordane (www.fylkesatlas.no) enkelt kan få fram kva areal som har interesse som friluftsområde og kva slags verdi dei er tillagt i fylkesdelplanen. For komande søknader vil vi kvalitetssikre dokumenta våre og omtale offentlege planar som dette. Tiltakshavar tek sjølvkritikk på dette punktet og det var ikkje eit forsøk på å "konsekvent feilinformere" NVE.

Kommentarar til fråsegn frå Statens Vegvesen Region Vest (heretter forkorta Vegvesenet):

19.) Vegvesenet viser til at avkøyrsløse frå Fv. 367 skal utformast i samsvar med gjeldande vegnormalar...

Tiltakshavar kjenner til krav som gjeld for etablering av avkøyrsløse frå fylkesvegar, og vil kontakte Vegvesenet før detaljplanlegging tek til.

Kommentarar til fråsegn frå SFE Nett AS (heretter forkorta Netteigar):

20.) Netteigar påpeikar at det ikkje er kapasitet i nettet før utbygging av nytt stamnett gjennom Sogn og Fjordane har funne stad. Dei greier også ut for korleis kraftverka kan koplast til lokalnettet samt at utbyggjar må pårekne anleggstilskot.

Tiltakshavar er innforstått med at kraftverka ikkje kan koplast til nettet før kapasiteten i sentralnettet i Sogn og Fjordane er auka. Ein er vidare kjend med reglane som gjeld for tilkopling av kraftverka til nettet og situasjonen i nettet lokalt.

"Kommentarar til fråsegner frå Sogn og Fjordane Fylkeskommune (heretter forkorta SFFK):

Kulturminne og kulturmiljø:

25.) SFFK påpeikar at det ikkje føreligg nokon oversikt over automatisk freda kulturminne som eventuelt vert råka av utryggingsplanane og meiner at tiltakshavar si undersøkingsplikt må gjennomførast.

Tiltakshavar har i konsesjonssøknaden gjort greie for dei undersøkingar som tidlegare er gjort i området, samt påpeika dei kulturminna som eksisterer i influensområdet. Skulle utbygginga avdekke til no ukjende kulturminne vil tiltaka justerast slik at desse kan takast vare på.

Kommentarar til fråsegner frå Gunnar Osland (heretter forkorta Osland):

"Vegar

